

Førebuing/ Forberedelse

Dato: 15.12.2025

FRI2006

Tverrfagleg eksamen frisørfag /

Tverrfaglig eksamen frisørfag

Programområde: Frisørfaget

Eksamensdato: 17.12.2025

Privatist

Skule/Skole: Årstad vgs.

Informasjon til førebuingssdelen	
Førebuingstid	2 dagar førebuing
Informasjon om eksamen	Eksamen varer i 5 timar Alle hjelpemiddel unntatt ekstern kommunikasjon er tillatne på eksamen.
Hjelpemiddel og utstyr	• Alle hjelpemiddel er tillatne i førebuingstida. • Arbeidsbeskrivingar skal vere stempla og liggje på skulen i førebuingstida. • Du skal ta med deg dette heftet og notata dine på eksamen. • Ta også med deg utstyr til å gjennomføre arbeidsprosessar i frisørfaget, teikneblyantar og arbeidsbeskrivingar til bruk på eksamen. Merk! <i>Direkte opplesing frå notat under eksamen er lite eigna til å vise kompetanse i faget.</i>
Andre opplysningar	Du kan lage utkast til arbeidsbeskrivingar og forslag til tidsplan i førebuingstida. Endringar i planen eller arbeidsbeskrivingane skal tilpassast til oppgåveteksten og kunden på eksamensdagen. Du kan sjølv velje om du vil nytte mannleg eller kvinneleg modell til arbeidet.
Sentrale kompetansemål	• planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere arbeidsprosessar • gjennomføre grunnleggjande klippeformer og effileringsteknikkar • bruke klippeformer i kombinasjonar, og skape maskuline og feminine former • utforske og bruke tradisjonelle og aktuelle teknikkar i frisyreforming til å skape ulike former og uttrykk • gjere greie for og bruke teori om farge i ulike fargebehandlingsprosessar • gjere greie for og bruke teori om kjemisk strukturendring i strukturendringsprosessar • reflektere over tiltak som beskyttar mot kjemiske stoff og fremjar hygiene- og smittevern, og bruke denne kunnskapen i eige arbeid

	Merk! På eksamensdagen er alle kompetansemåla i læreplanen aktuelle.
Informasjon om vurderinga	Sensor vil vurdere i kva grad du kan • planleggje arbeidet ut frå oppgåva • gjennomføre arbeidet ut frå eigen plan • grunngi eigne val • vurdere eige arbeid • tolke stilen og føresetnadene til kunden (analyse) • bruke arbeidsbeskrivingar • bruke fagterminologi • bruke klippeformer for å skape form • gjennomføre arbeidet teknisk • vere nøyaktig i gjennomføringa av arbeidet • gjennomføre ei kjemisk behandling • følgje reglane for helse, miljø og sikkerheit • velje metode, teknikkar og verktøy
Vedlegg	• vurderingsmatrise med kjenneteikn på måloppnåing • arbeidsbeskrivingar • Pivot Point-malar og Frisørforbundet sine malar
Lenkjer	Arbeidsbeskrivingar: https://frisorfaget.no/content/tegninger-og-verktoy-3

Tema: fest med jobben

Situasjonsbeskriving

Din faste kunde har bestilt time hos deg fordi hen har fått invitasjon til ein stor fest på jobben. Kunden har full tillit til at du kan finne ei frisyreform som er kledeleg og passer til dei anatomiske føresetnadene og det håret hen har.

Sidan det er en fest, vil kunden gjerne ha ei ekstra haldbar styling denne dagen, men også råd om styling i kvardagen.

Du skal planleggje/førebu ein arbeidsprosess til eit frisørfagleg arbeid på dame eller herre, til dømes klipp, kjemisk behandling og frisyreforming.

På eksamensdagen vil du få ein oppgåvetekst som du skal jobbe ut frå. Dei vedlagde kompetansemåla er utgangspunktet for eksamen. Du skal planleggje, gjennomføre, dokumentere og vurdere arbeidet.

Tips til førebuing

Førebuingstida kan du bruke til å

- lage ein plan og førebu dokumentasjon
- planleggje den praktiske gjennomføringa (tidsbruk, rekkjefølgje osv.)
- førebu og planleggje arbeidsbeskrivinga
- velje utstyr
- skrive ut det du måtte trenge av materiale du har digitalt

Bruk malar for arbeidsbeskrivingar som du kjenner frå undervisninga.

Under førebuingane kan du ha med modell og få tilgang til frisørsalong og klasserom. Notater og arbeidsbeskrivingar frå førebuingstida leverast på eksamensdagen til sensor.

Arbeidsteikningar fra forberedelsestida som blir nytta på eksamen, med eventuelle endringar vil bli vurderte.

Modellen skal vere til stades heile eksamensdagen. Det er ikkje tillate å bruke øvingshovud.

Sensor er til stades under arbeidet og skal vurdere det frisørfaglege arbeidet ditt basert på samtalar undervegs og det ferdige resultatet.

Den samla vurderinga av eksamensarbeidet tek utgangspunkt i kompetansemåla for vg2 frisør.

Bokmål

Informasjon til forberedelsesdelen

Forberedelsestid	2 dager forberedelse
Informasjon om eksamen	Eksamen varer i 5 timer. Alle hjelpemidler unntatt ekstern kommunikasjon er tillatt på eksamen.
Hjelpemidler og utstyr	• Alle hjelpemidler er tillatt i forberedelsestiden. • Arbeidsbeskrivelser skal være stemplet og ligge på skolen i forberedelsestiden. • Du skal ta med deg dette heftet og notatene dine på eksamen. • Ta også med deg utstyr til å gjennomføre arbeidsprosesser i frisørfaget, tegneblyanter og arbeidsbeskrivelser til bruk på eksamen. <i>Merk! Direkte opplesing fra notater under eksamen er lite egnet til å vise kompetanse i faget.</i>
Andre opplysninger	Du kan lage utkast til arbeidsbeskrivelser og forslag til tidsplan i forberedelsestiden. Endringer i planen eller arbeidsbeskrivelsene skal tilpasses til oppgaveteksten og kunden på eksamensdagen. Du kan selv velge om du vil benytte mannlig eller kvinnelig modell til arbeidet.
Sentrale kompetansemål	• planlegge, gjennomføre, vurdere og dokumentere arbeidsprosesser • gjennomføre grunnleggende klippeformer og effileringsteknikker • bruke klippeformer i kombinasjoner, og skape maskuline og feminine former • utforske og bruke tradisjonelle og aktuelle teknikker i frisyreforming til å skape ulike former og uttrykk • gjøre rede for og bruke teori om farge i ulike fargebehandlingsprosesser • gjøre rede for og bruke teori om kjemisk strukturendring i strukturendringsprosesser • reflektere over tiltak som beskytter mot kjemiske stoffer og fremmer hygiene- og smittevern, og bruke denne kunnskapen i eget arbeid Merk! På eksamensdagen er alle kompetansemålene i læreplanen aktuelle.
Informasjon om vurderingen	Sensor vil vurdere i hvilken grad du kan

	• planlegge arbeidet ut fra oppgaven • gjennomføre arbeidet ut fra egen plan • begrunne egne valg • vurdere eget arbeid • tolke stilen og forutsetningene til kunden (analyse) • bruke arbeidsbeskrivelser • bruke fagterminologi • bruke klippeformer for å skape form • gjennomføre arbeidet teknisk • være nøyaktig i gjennomføringen av arbeidet • gjennomføre en kjemisk behandling • følge reglene for helse, miljø og sikkerhet • velge metode, teknikker og verktøy
Vedlegg	• vurderingsmatrise med kjennetegn på måloppnåelse • arbeidsbeskrivelser • Pivot Point-maler og Frisørforbundets maler
Lenker	Arbeidsbeskrivelser: https://frisorfaget.no/content/tegninger-og-verktoy-3

Tema: fest med jobben

Situasjonsbeskrivelse

Din faste kunde har bestilt time hos deg fordi hen har fått invitasjon til en stor fest på jobben. Kunden har full tillit til at du kan finne en frisyreform som er kledelig og passer til de anatomiske forutsetningene og håret hen har.

Siden det er en fest, vil kunden gjerne ha en ekstra holdbar styling denne dagen, men også råd om styling i hverdagen.

Du skal planlegge/forberede en arbeidsprosess til et frisørfaglig arbeid på dame eller herre, for eksempel klipp, kjemisk behandling og frisyreform. På eksamensdagen vil du få en oppgavetekst som du skal jobbe ut fra. De vedlagte kompetansemålene er utgangspunktet for eksamen. Du skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og vurdere arbeidet.

Tips til forberedelse

Forberedelsestiden kan du bruke til å

- lage en plan og forberede dokumentasjon
- planlegge den praktiske gjennomføringen (tidsbruk, rekkefølge osv.)
- forberede og planlegge arbeidsbeskrivelser
- velge utstyr
- skrive ut det du måtte trenge av materiale du har digitalt

Bruk maler for arbeidsbeskrivelser som du kjenner fra undervisningen.

Under forberedelsene kan du ha med modell og få tilgang til frisørsalong og klasserom. Notater og arbeidsbeskrivelser fra forberedelsen leveres på eksamensdagen til sensor. Arbeidstegninger fra forberedelsestiden som blir benyttet på eksamen, med eventuelle endringer, vil bli vurdert.

Modellen skal være til stede hele eksamensdagen. Det er ikke tillatt å bruke øvelseshoder.

Sensor er til stede under arbeidet og skal vurdere det frisørfaglige arbeidet ditt basert på samtaler underveis og det ferdige resultatet.

Den samlede vurderingen av eksamensarbeidet tar utgangspunkt i kompetansemålene for vg2 frisør.